

Dokument i saka:

Sak 22/14 (FO) og sak 21/14 (KO), samt prosjektforslag/informasjon til leverandørar:
«innhenting av tilbod – strategiprosess næringsutvikling for Lindås og Austrheim kommunar»

Saksopplysningar/vurdering:

I FO-sak 22/14 «oppstart av strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020)», godkjende formannskapet framlegget om strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan, i tråd med skildra saksutgreiing. Vedtaket vart også fatta av KO i sak 21/14.

Dette framlegget inneheld ikkje meir fagleg informasjon/vurdering av prosjektet, då det er skildra meir i vedlegga/dokument i saka.

Det vil bli benytta innleid konsulent, PWC, til å gjennomføre strategiarbeidet. Årsaken til å benytta konsulent handlar bl.a. om følgjande hensyn:

- Nyttå konsulentens beste praksis på området
- Objektiv og nøytrale vurderingar
- Tids- og ressursmessige hensyn

I tillegg kan næringsfondet nyttast til støtte til kommunen sitt nærings- og utviklingsarbeid, ref. 4b i gjeldande retningslinjer for næringsfondet.

Konsulentkostnadane til PWC på 99.300kr ekskl mva – 124.125 inkl mva vert finansiert slik:

- Næringsfondet (inntil 50.000kr, delegert vedtak)
- Ordinært driftsbudsjett til næringsutvikling, som er felles for Lindås og Austrheim kommunar (50-50)

Prosjektet skal totalfinansierast 50-50 mellom kommunane.

Vedtak:

Lindås kommune støttar prosjektet slik det er skildra i saksinnstillinga-/vurderinga.